

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-044	20/352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/2020	Kommunestyret	PS	05.11.2020

Delegeringsreglement 2020

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek delegeringsreglementet slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

§ 5-3 i kommunelova tillet kommunestyret å delegere mynde til å treffe vedtak til andre folkevalde organ, ordførar eller kommunedirektør (rådmann).

Reglementet inneheld bestemmingar om delegering, kommunestyret sitt saksområde og delegering fra kommunestyret til rådmannen, utval m.m..

Bakgrunn

Modalen kommune sitt delegeringsreglement 2020 skal for inneverande kommunestyreperiode utgjere det sett av reglar som kommunestyret fastset for å skaffe naudsynt forståing for ansvars- og myndefordeling mellom dei ulike politiske organa og i forhold til rådmannen.

Kommunestyret føreset at arbeidet vil bli utført i ein atmosfære prega av openheit, gjensidig tillit og effektivitet kor delegeringa vert fulgt opp av løpande dialog.

Delegeringsreglementet legg vekt på følgjande:

- Leggje til rette for gode og effektive arbeidsordningar og vedtaksprosessar etter avtale med kommunestyret.
- Avklare kven som har ansvar og mynde.
- Plassere avgjerdsmynde på lågast nivå.
- Ivareta likskap og rettar for publikum.
- Lage gode rutinar for rapportering og utøving av mynde.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek delegeringsreglementet slik det ligg føre.

Kommunestyret - 048/2020**KS - behandling:**

Rådmannen orienterte om kva som låg bak kva som ligg til grunn for delegering frå kommunestyret. Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek delegeringsreglementet slik det ligg føre.

Vedlegg:

Delegeringsreglement for Modalen 15.10.2020

Del 2 av delegeringsreglement 2020